



**MED EG VAR LITEN -
KJELL HOVE,
RANDI ØVERBØ HOVE**

Kjell er fødd i 1955 og oppvaksen på garden Hove på Møsstrand. Han vart tidleg kjend med folkemusikken då han fekk høyre felespel og kveding både i heimen, litt av kokkene på internatskulen og elles rundt i heimbygdi. Det var spelemenn i familien, og far til Kjell, Jon Hove, kveda gjerne i godt lag. Å høyre folkemusikkhalvtimen på radioen var også fast tradisjon i Kjell sin barndomsheim. Som kvedar reknar Kjell seg som sjølv lærer, han har plukka opp litt her og der av sambygdingar, frå opptak av andre kvedarar og av sine folkemusikkvener rundt i kring i landet når dei treffest på kappleikar. Han deltok på kappleik fyrste gong på landskappleiken på Rauland i 1994. Der fekk han fyrstepremiegrad og i løpet av 2 år rykte han rett opp i A-klassa. Sidan har han delteke på ei lang rekkje lokale kappleikar og kvart år på landskappleiken. Songstilen til Kjell er av den gamle, gode. Han er svært glad i dei gamle bygdevisene og har hatt Bjarne Øverbø som sitt største førebilete innom kvedinga. Han kjende Bjarne godt, var mykje i lag med han både på kappleikar og elles, og seier sjølv at han var ein stor beundrar av Bjarne. Både fordi Bjarne var ein framifrå kvedar, men også fordi han var så triveleg og liketil å vera saman med. På denne CD-en har han med ein del av dei visene Bjarne bruka å kveda, i tillegg til mange andre bygdeviser både av gamal og litt nyare årgang.

Etnisk Musikkklubb
NEW RELEASE
The EM Label

Release: Januar 2011
Catalogue reference: EM60
Presentation: CD Digipack
File under: Norwegian Folk Music
Text/Booklet: Norwegian
Total time: 51:50
Bar Code: 7041885306026

I oktober 2008 gifta Kjell seg med Randi Øverbø som også er kvedar.

Randi er fødd i 1974 og kjem frå Åmotsdal. Interesse for folke-musikk fekk ho så å seie inn med morsmjølka. Far hennar, Einar Øverbø, kveda mykje, og ho lærde mange viser av han. Ho hadde planer om å lære både meir kveding og felespel av onkelen sin, Bjarne Øverbø, men det vart aldri noko av, sidan han døydde då Randi berre var 15 år. Bjarne har alltid vore eit førebilete både for Randi og for Kjell, og begge er dei opptekne av å føre vidare dei gamle bygdevisene. Randi debuterte som kappleikdeltakar på Seljordkappleiken i 2005 og på Beitostølen i 2006 deltok ho for fyrste gong på landskappleik. Sidan har ho vore trufast deltakar både på lokale kappleikar og på landskappleiken. Etter at ho gifta seg med Kjell i 2008 har dei begge vore svært aktive i kvedarmiljøet i Telemark, både som kurshaldarar, kappleikdeltakarar og som trufaste gjester på kvedarsamlingar rundt i Vest-Telemark. Det er bygdevisene som ligg Randi nærast hjartet, og desse fører ho vidare med stort engasjement og ein songstil av det gamle slaget. På denne CD-en er Randi representert med 3 viser.

Production and promo enquiries: Etnisk Musikkklubb, Masovngata 18, NO-3616 Kongsberg, Norway
Tel/Fax +47 32 73 56 60/61 E-mail info@emcd.no, www.emcd.no,
Net Shop: <http://shop.etniskmusikkklubb.no/>